

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 85.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Bjerkreim

Emne: Tradisjonar om jaktstyr.

Bygdelag:

Oppskr. av: Jörgen Skjæveland

Gard:

(adresse): Vikeså

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Tradisjonar om jaktstyr.

1. Det vart rekna for simpelt å skyta björn i hi, fugl på reir og ei mor med ungar. Dei som gjorde det fortalde det ikkje til nokon for at det ikkje skulle spørjast.

14. Før når dei stölte på fjellet, hadde dei krötra inni ein hage dei kalla lega, inngjera av steingjerde om ~~makl~~ nettene. Men likevel kom ofte björnen og tok på krötra. Folka kveikte derfor opp ein stor eld for å halda udyra borte. Ofte kom skrubben midt på lyse dagen og tok ein sau. Då sprang gjetaren etter med ei skratla (skralle) eller han banka treskorne saman så det larma godt for å skrema skrubben bort att.

29. Siste björnen i bygda vart skoten ved Landsdal i 1872. (Sjå oppgäve nr. 83 avsnitt 95). Siste skrubben i nedrebygda vart skoten i Tyslandsmarka visstnok i 1864, og det fortelst at den siste skrubben i Bjerkreim vart skoten på Asheim, han var då så gamal at han var tann-drepen laus. Siste jerven vart ~~sköten~~ sköten i Bjordalsheia i 1909

30. Etter krigen har det auka på med villmink.